

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.06.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Børge Tvedt/Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Budsjettoppfølging 2017**

**ARKIVSAK:** 2016/3999  
**STYRESAK:** **058/2017**

**STYREMØTE:** **30.06.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret viser til saksframlegget og ber administrerende direktør om arbeide vidare med oppfølging av styresak 019/17. Det betyr å:
  - a. Følgje opp tiltak føreslegne av døgnsprosjektet , og finne ytterlegare tiltak, med sikte på å oppnå prosjektmålet i høve lågare driftsnivå. Tiltaka inneber m.a.
    - i. Samlokalisering av sengepostar i kirurgisk klinikk i Førde
    - ii. Reduksjon av bemanning som føreslege og implementere aktivitetsstyrt bemanning
  - b. Følgje opp tiltak føreslegne av prosjekt Lærdal
  - c. Sikre at bemanninga i budsjett 2018 blir aktivitetsstyrt slik det er skissert i rapporten frå døgnsprosjektet
  - d. Følgje opp dei andre tilrådingane i døgnsprosjektet utover hausten 2017
  - e. Vurdere nærare korleis ein kan redusere driftsutgiftene ved døgntilboda i Lærdal
  - f. Følgje opp rapport frå gruppa som har arbeidd med «vaktordningar for legetenesta»
  - g. Arbeide vidare med å optimalisere utbyggingsprosjektet Nye Førde sjukehus slik rapport om planar for utvikling av forprosjekt skisserer
2. Styret sluttar seg til at det er naudsynt med ytterlegare tiltak og utgreiningar slik det er omtalt i saksframlegget, og ber om å bli orientert om framdrift og iverksetting.

3. Implementering av tiltaka skal skje i tråd med avtaleverk og vanleg involvering av tillitsvalde og verneteneste.

### Oppsummering

Helse Førde er i ein krevjande økonomisk situasjon. Føretaket ligg bak budsjett etter fem månader, og dei fleste store tiltaka skal ha effekt siste halvår. Samla melder klinikkane om eit resultat 41 millionar kroner bak budsjett for året, dersom ikkje tiltak vert sett i verk. Det er arbeid med tiltak gjennom våren, og fleire av dei vil kunne avhjelpe situasjonen. Det er også skapt eit grunnlag for å gå vidare med ytterlegare tiltaksarbeid. Alt dette er nødvendig for at føretaket skal realisere planlagde investeringar.

### Fakta

I styresak 019/17 i mars 2017 gjorde styret følgjande vedtak:

1. Prosjekt døgn skal innan 1. juni 2017 legge fram forslag til framtidig modell for døgntilbod i Førde der følgjande er utgreidd:
  - a) samanslåing/samlokalisering av sengepostar
  - b) etablering av elektiv sengepost (5-døgn)
  - c) etablering av observasjonspost
  - d) vurdere utviding av feriestenging av døgntilbod

I tillegg skal tal senger og bemanning reviderast utifrå belegg, jf. mandatet for døgnprosjektet.

2. Prosjekt Lærdal blir etablert og skal, i samarbeid med prosjekt døgn, utgreie samanslåing av sengepostane ved Lærdal sjukehus innan 1. juni.
3. Det skal setjast ned eit prosjekt leia av HR-direktør som skal gjennomgå vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid, samt legge fram forslag til justeringar innan 1. juni 2017.
4. Direktør drift og eigedom skal innan 1. juni 2017 legge fram ei fornya vurdering av framdriftsplanen for forprosjekt «Nye Førde sjukehus». I vurderinga skal det takast omsyn til framdrifta i tenesteutviklingsprosjekta, den underliggande økonomiske driftssituasjonen i føretaket og det nasjonale fokuset på tenestetilbodet innan rus og psykiatri. Vurderinga skal også innehalde ulike scenario for utbygging i tilfelle prosjektet må justerast ned.
5. For alle tiltakspunkta gjeld at tillitsvalde og verneteneste skal delta aktivt i prosessane.
6. Styret ber om å bli haldne løpande orienterte om utviklinga i arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket i mars var uro for at Helse Førde ikkje skal evne å skape økonomisk handlefridom til å gjennomføre planlagde investeringar og å utvikle tenestetilbodet vidare. Samla viser prognosen frå klinikkane i mai viser at føretaket styrer mot eit resultat som er 41 millionar kroner dårlegare enn budsjett i 2017, om ikkje vi strammar inn. Det er lagt ned mykje arbeid i å gjennomføre vedtaket i styret, og det er utover våren også vurdert andre mogelege tiltak.

Det er levert rapportar frå kvart av dei fire prosjekta i vedtakspunkta 1-4 og dei er lagt ved denne styresaka. Status er kort oppsummert slik:

Døgn: Har forslag som vil kunne gje ein årseffekt på 5,2 millionar kroner knytt til nedtak av om lag åtte stillingar på sengepostar. I denne runda er det føreslått samlokalisering av sengepostane for kirurgi og ortopedi. Samarbeid mellom andre sengepostar skal også gje innsparingar. Dei går ikkje inn for fem døgn sengepost eller observasjonspost i mottak, men føreslår pilotering i mindre skala på begge områda. Døgnprosjektet har også arbeidd med aktivitetsstyrt bemanning, og andre område som må konkretiserast vidare utover året.

Lærdal: Har forslag som vil kunne gje ein årseffekt på om lag 2,8 millionar kroner. Mesteparten av dette er ein aktivitetsauke på 10 prosent utan auke i stillingar, som skal kunne gje 1,8 millionar kroner. Dei føreslår også nedtak av ei stilling og felles seksjonsleiar for sengepostane.

Begge desse prosjekta er langsiktige og vil kunne avdekke ytterlegare innsparingar i det vidare arbeidet.

Vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid: Prosjektet, og prosjektet som arbeidde med legeplan sist vinter, har gjennomført ei grundig kartlegging av stoda. Det er gjennom arbeidet skal eit godt grunnlag for å arbeide vidare med reduserte kostnader på området og prosjektet føreslår at det skal skje i dei ulike avdelingane. Vurderinga er at det vil kunne vere pengar å hente på området, men at tiltaka som låg inne i budsjett 2017 kan tykkjast å vere noko ambisiøse. Endringar på dette området vil ha tett samanheng med tenestetilbodet til føretaket.

Nye Førde sjukehus: Prosjektet si vurdering er at det først er mogeleg å svare ut oppdraget hausten 2017, før detaljeringa i forprosjektet startar. Rapporten skisserer korleis det skal skje, milepælar undervegs og kva det blir arbeidd med.

### **Andre tiltaksområde**

Administrerande direktør vurderer at tiltaka frå prosjekta i Pasientens helseteneste ikkje er tilstrekkeleg for å skape balanse i drifta og gje rom for naudsynte investeringar. I tida etter styrevedtaket i mars er det difor også vurdert ei rekkje andre mogelege område som kan forbetre økonomien til Helse Førde. Det må vurderast ytterlegare tiltak i 2017, og inn mot budsjett for 2018. I denne omgang har administrerande direktør funne det rett å løfte fram desse områda som settast i verk fortløpande:

DPS Sunnfjord og Ytre Sogn: I konseptfasen var nybygget til psykiatrisk klinikk i Førde dimensjonert slik at det kunne romme sengeplassane til DPS på Tronvik. Det vert føreslått å vurdere fagleg tilbod, økonomi og tilrettelegging for eit betre tilbod til psykosepasientar ved samling av DPS tilbodet i Førde. Investering i eventuelt samla DPS-tilbod må vurderast opp mot driftsøkonomien ved å drive DPS på to stadar og lågare investeringskostnad. Denne utgreiinga må kome tilbake som ei eiga sak seinare.

Stab og støtte: Det er heile tida eit mål å drive stab og støtte så effektivt og rimeleg som mogeleg for å sikre mest mogeleg ressursar til pasientbehandling. Sjølv om det er dei somatiske klinikkane som melder avvik i prognosen, vert det lagt opp til at også dette området må gjennomgåast.

Investeringar: Investeringsporteføljen er under press og det bør vere ein reserve til å gjennomføre andre tiltak som skal skape ein betre driftsøkonomi. Sjølv om det frå før av er lagt opp til å gjennomføre berre det mest nødvendige, så blir det føreslått å vurdere om noko kan utsetjast.

Permisjonar, overtid og ekstravakter: Årleg brukar Helse Førde fleire titals millionar kroner på overtid og ekstravakter. Dette er kostnader som blir vurderte nøyde i kvart tilfelle. Likevel vert det føreslått tiltak for å sikre at føretaket får minst mogeleg kostnader på området, og at leiarane også er spesielt påhaldne når det gjeld permisjonar i tida framover.

«Andre kostnader»: Også kostnader til reiser, kurs, konferansar m.m er betydelege i løpet av eit år i eit stort føretak. Med andre kostnadar meiner vi kostnader som ikkje er direkte relatert til pasientbehandlinga eller lønen til tilsette i føretaket. Økonomiavdelinga har gått gjennom desse kostnadane og vurderer at det også der kan vere mogeleg å hente inn midlar. Økonomiavdelinga har gått gjennom alt som kjem inn under «andre kostnader» og vurderer at det også der kan vere mogeleg å hente inn midlar.

Effektar av IKT-prosjekt: Helse Førde gjennomfører kvart år fleire store IKT-prosjekt og det ligg store summar bak desse investeringane. Det er eit sentralt punkt i heile vestlandsregionen at desse prosjekta også skal gje økonomiske gevinstar. Dette må framleis ha stort fokus. KULE-prosjektet er delvis implementert og det blir føreslått å utgreie innføring av stille rapport og papirlaus overflytting av pasientar mellom avdelingar.

Robotisering: Det er venta at robotisering vil kunne frigjere arbeidskraft i dei komande tiåra. Administrerande direktør meiner det er rett å vurderer prosessar som eignar seg for robotisering, og å utgreie konsekvensane og potensiale for innsparing.

Innkjøp: Helse Førde gjennomfører store innkjøp i løpet av eit år. Dette skal skje gjennom dei rette systema og innanfor rammeavtalar. Økonomiavdelinga meiner det også vil vere noko å hente på å sikre at dette verkeleg skjer gjennom å pålegge at alle innkjøp skal registrerast i innkjøpssystemet.

## **Kommentarar**

Prognosen etter fire månader tilseier at Helse Førde vil få ein krevjande økonomisk situasjon ved utgangen av året. Det er difor heilt nødvendig å setje i gang økonomiske tiltak. Det er dei siste månadane arbeidd intensivt med dei tiltaka som skulle gje størst innsparing i 2017 og åra framover. Arbeidet så langt tilseier at tiltaka gjev mindre innsparingar enn føresett og/eller at det vil ta lenger tid å gjennomføre tiltaka enn planlagt.

Føretaket har også tidlegare vore gjennom større prosessar for å sikre driftsøkonomien. Erfaringa er at dette er prosessar som tek lang tid, krev grundige vurderingar og i seg sjølv er ressurskrevjande. Prosessane må og sikre medverknad frå leiarar, tilsette, verneteneste og tillitsvalde. Tiltaka som vert fremma for styret i denne saka løyser ikkje heile utfordringa og må følgjast opp av fleire utover hausten og inn i budsjett for 2018.

Vurderinga er også at det er spesielt viktig å jobbe målretta, langsiktig og å setje inn ressursane der dei gir best resultat. Det betyr at Helse Førde kan måtte oppleve raude tal i ein periode før økonomien vert retta opp.

Pasientens helseteneste omfattar heile Helse Førde. Døgnprosjektet har i sitt mandat ansvar for å redusere utgiftene med 25 millionar kroner. Samstundes føregår budsjettering og direkte styring av ressursane i klinikkane sine linjer. Det er viktig å balansere forholdet mellom prosjekt og linje på ein god måte og å sikre at klinikkdirektør si styringslinje blir verknadsfull. Det blir vurdert å gjere justeringar som skal sikre det i ytterlegare grad.

## **Konklusjon**

Det er arbeidd intensivt med dei største tiltaka i budsjett for 2017 og det har kome forslag som vil kunne realisere ein del av tiltaka. Andre område er også løfta fram i løpet av våren og vil kunne avhjelpe situasjonen nokon. Det er heilt nødvendig å halde fram med eit sterkt fokus på ytterlegare kostnadskutt i tida framover.

Vedlegg:

1. Rapport Prosjekt døgn utgreiing
2. Rapport Vurdering av samanslåing av sengepostar LSH
3. Sluttrapport Prosjekt vaktordningar, godtgjersle og kjøp av arbeidstid for legar i Helse Førde
4. Rapport Planar for utvikling av forprosjekt Nye Førde sjukehus